

Alver kommune v/plan og byggesak  
Larissa Dahl  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser: Dykker: a78138f5-7528-4de7-9680-  
28209089701b  
Vår: 21/6990 - 21/54922

Saksbehandlar: Irene Wilhelmsen  
irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato: 19.08.2021

## **Uttale frå VVA - gbnr 323/567 mellombels dispensasjon frå rekkefølgjekrav Frekhaug**

Alver kommune avdelings samferdsel, veg-, vatn,- og avløp- forvaltning har fått dispensasjonsak om midlertidig bruksløyve for BK05 i Elvåsen til uttale.

I følgje planbestemmelsene er det stilt ein del rekkefølgjekrav til ferdig opparbeidde gangvegar, uteoppholdsareal og køyrevegar. Fleire av desse, G02, UA01 og KV01 og KV08-11 er avhengig av ferdistilling og omlegging av VA for å kunne bli ferdigstilt.

Rekkefølgekrava er sett for å sikre bebuarane i feltet gode forbindelseslinjer samt uteopphaldsareal ein kan nytte i nærområdet. Sjølv om BK05 har tilkomst inn og ut av området er det og viktig at andre bebuarar har gode måtar å bevege seg rundt på. Når delar av det veganlegget som skulle vore ferdig i samsvar med rekkefølgekrava må takast opp att som konsekvens av at VA anlegget ikkje er bygga i samsvar med krav i lover og forskrifter, kan ein heller ikkje sjå på veganlegget som ferdig opparbeida i samsvar med plan og dei føreseggnene som er knytt til plan.

Vegavdelinga si uttale i saka er at vi fråråder å gi dispensasjon frå rekkefølgekrava ved å gi midlertidig brukstillatelse på BK05. Bakgrunn er at rekkefølgekrava skal sikre god og trygg tilkomst og bevegelse for alle i feltet og ikkje berre BK05.

Vegavdelinga og VA-avdelinga meiner at det er viktig at infrastrukturtiltaka vert gjennomført og ferdistilt på ein god måte, slik rekkefølgekrava skildrar. Fordelene ved å gi dispensasjon før alt er på plass er difor ikkje til fordel for dei som bur og skal bu i området. Vår haldning er difor at det ikkje bør bli gitt fleire dispensasjoner før både veg og VA- er ferdigstilt etter føreseggnene i planen.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Arne Helgesen

Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen

Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune v/plan og byggesak Postboks 4 5906 FREKHAUG